

# ÅRSMELDING FOR BUL MOLDE 2006

(Frå 01.11.05 til 31.10.06)

## STYRET:

Styret er samansett av arbeidsutvalet og ein medlem frå hyttenemnda.

**Arbeidsutvalet:** Lars Staurset  
Kirsten Aure  
Noralv Bell  
Randi Reppe Bell  
Vara: Torill Steien

Arbeidsutvalets mandat har vore å halde i gang leikøvingane på Reknes Ungdomshus.

**Styremedlem:** Sylvfest Bell frå hyttenemnda

**Revisorar:** Arild Jacobsen og Bente Dyrnes Aarø  
**- personlege varamedl:** Marte Trondsen og Irene Møllersen Bell  
**Rekneskapsførar:** Arild Horrstad  
**Valnemnd:** Atle Bell og Oddny Bell

## Møte:

1 årsmøte den 07.12.05  
1 styremøte den 14.11.05,  
3 møte i arbeidsutvalet: 04.01.06, 22.03.06 og 28.08.06

## Aktivitetar dette året:

### Leikøvingar:

- **Haust 2005:** 5 leikøvingar i november. Til øvinga 2. november var Romsdals Spelemannslag invitert saman med dansarar frå andre lag. Tema var Romsdalssspringar og andre bygdedansar. 16 par på golvet.
- **Vår 2006:** Til saman 21 leikøvingar. 16 av dei i det vanlege semesteret og 5 ekstra som førebuing til folkedansmessa "Tre inn i dansen". Vi inviterte gjester frå dei andre danselaga til "Stilig aften" (øving) den 8. februar. Kerstin og Palmer Løkseth heldt kurs i Rørospols den 15. februar. Øvinga onsdag 15. mars vart flytta til 14. mars, då vi var invitert til Rauma Leikarring. Tema denne våren var elles: Stildans, bygdedans og samdansprogramma til Dombåsleikfesten, NU-stemnet og Nordleik. Dei 5 øvingane til folkedansmessa var 14. mai på BUL-hytta og 21. mai på Reknes, samt 30. mai, 13. juni og 17. juni i Vågøy kyrkje. Dansarar frå Rauma Leikarring, Osmarka Leikarring og Lyngstad Leikarring deltok på desse øvingane.

- **Haust 2006:** 7 leikøvingar i september – oktober. Ny fast tid kl. 19.30 – 22.00. Vi inviterte gjester til øvinga den 20. september. Tirsdag 26. september var vi invitert til Rauma på deira leikøving.

Frammøte på vanlege leikøvingar har vore 10 – 22 medlemmar. Det har vore god oppslutning både frå eigne medlemmer og frå andre lag på øvingar med gjester.

### **Folkedansmessa ”Tre inn i dansen”:**

Tre kor i Fræna har i lengre tid øvd på songane til folkedansmessa. Dirigent Gunn Sissel Bakken Håseth ønske samarbeid med lokale dansarar og kontakta BUL. Samarbeidet resulterte i ny framføring av folkedansmessa ”Tre inn i dansen” 18. juni 2006 i Vågøy kyrkje. Folkedansmessa er komponert av Per Harling og Susanne Bågenfeldt og BUL var første gong medarrangør i 2004 i Røbekk kyrkje.

Deltakarar:

Prest: Knut Ole Hol.

Musikarar: Liv Haldis Kvernberg og Leidulv Stokkeland, fele. Lindsay Winfield-Chislett, fløyte, Nils Arne Gule, gitar. Odd Arne Halås, trekkspel og Odd Williamsen, kontrabass.

Kor: Frënakoret, Frëna Menighetskor og Hustad Kyrkjekor

Dirigent: Gunn Sissel Bakken Håseth.

Denne gongen deltok 13 dansarar frå BUL, 13 frå Lyngstad, 1 frå Osmarka og 5 frå Rauma.

Instruktør for dans: Irene Møllersen Bell.

Vel 200 frammøtte.

### **Andre aktivitetar:**

- Sal av Jul i Romsdal hausten 2005.
- Bygdaliv: Ikkje lenger nummerert ”blad” på internett, men vanleg nettside. Oppdatert i etterkant av dei fleste leikøvingane. E-post til ca. 60 kontaktpersonar før semesterstart, årsmøte og andre viktige hendingar.
- Dugnad på Reknes Ungdomshus mai 2006 og 30. oktober 2006.
- Dugnad på BUL-hytta.

### **Utsendingar / deltakarar frå BUL på andre arrangement.**

- 18. mars. Leikfest i Dovre folkedanslag. Dombås. 5 deltakarar.
- 21. mars. Helsing og gåve til Gerhard Hestad i høve fødselsdagen 6.mars. 2 utsendingar.
- 5. –7. mai. Rørosleken. 3 deltakarar.
- 31. mai. Generalforsamling i Reknes ungdomshus.
- 6. – 9. juli: NU-stemme i Trondheim. 11 deltakarar.
- 24. – 30. juli: Nordleik Gøteborg. 6 deltakarar frå BUL (+ 2 frå Rauma og 1 frå Lyngstad)
- 21. oktober: 25-årsjubileum i Lyngstad Leikarring. 2 utsendingar. BUL gav jubilenten ei klokke.

**Instruktør dette året har vore:**

**Vår 2006:**

Irene Møllersen Bell

**Haust 2006:**

Irene Møllersen Bell

Laget er heilt avhengig av god instruksjon. Irene har som vanleg lagt ned mykje arbeid i førebuing og gjennomføring av leikøvingane. Ho tok òg ansvaret for instruksjon/regi ved gjennomføring av folkedansmessa. Etter Nordleik har ho tatt med dansar frå andre nordiske land til vårt lag, og slik fornya repertoaret.

Dei "aktive" dansarane har hatt jamt frammøte, men det er ønskje om fleire deltakarar.

**Medlemstal:**

Pr 31.10.06 hadde BUL Molde 34 medlemmar.

Arbeidsinnsatsen i hyttenemnda, arbeidsutvalet, dugnadene og leikøvingane tilsvarar 110 dagsverk.

Arbeidsutvalet rettar ein stor takk til alle for det frivillige arbeidet som vert lagt ned i samband med drift, øvingar og tilstellingar.

Lars Staurset

Randi Reppe Bell

Noralv Bell

Kirsten Aure